

Sommaridrett

Fotball. Av aktivitetane om sommaren i tretti-åra var fotballen den største. Det var særleg kampane mellom Hole og Brunstad, og kampane mellom Framma-Brauta og Nea-Brauta. Desse kampane var alltid om hausten, etter slåtten. For då fekk vi sparke på dei flate dyrka markene. På Hole var det marka til Øye-Petter, på Brunstad var det mest på marka til Klaus-Leif, mellom Daleelva og reinekanten. Banene var aldri oppmerka. Målet vart oppsett av to høge hesjastaurar. Sju-skritts avstand, det var breidda på målet. Høgda vart markert med eit tog mellom staurane. Høgda var ofte på skyn, alt etter kor stor målmannen var. Straffesparkmerket var elleve skritt frå mål. Det vart berre brukt når du tok ballen med handa. Offside-regelen var som oftast fråverande.

Hardhausar frå Brunstad. Haustkampane var den store finalen desse åra. Eg minnest ein kamp vi hadde mot Brunstad heime i Hole-Øyane. Hole kunne godt stilt opp med fullt lag, 11 stk., den tida. Men Brunstad hadde vanskar med å stille med så mange, så laga vart som oftast redusert til det talet motstandaren stabla på beina. Mest halve laget til Brunstad var Brua-hynane, brørne Ole, Kåre, Arne og Jon C. Brunstad. Arne var målmann. Dei var store, kraftige karar alle saman. Ole spelte høgare back, og eg spelte venstre ving. Det vart David mot Goliat. Ole stor og kraftig og hard som fjell. Det var skorne til Ole eg fekk mest respekt for. Han hadde store beksaumsko med jernbeslag festa på skosålen framme og litt bakover sida. Den var påsett for å verne sålen mot slitasje av skibindingane. Han Ole var no ikkje åleine om å bruke same skorne til ski og fotball, men det var jernbeslaga eg var mest redd for.

Fotballskorne var ikkje komne til Hole eller Brunstad på denne tida. Det var for det meste beksaumsko og pluggasko som var det vanlege. Det vart ein tett og hard kamp, men eg kom no uskadd frå taklingane hans Ole C. Resultatet av kampen veit eg ikkje sikkert, so eg let det vere. Kanskje andre kan minnst det.

Møkkakamp. Ein annan kamp vi hadde mot Brunstad-hynane var nedunder reinane til Klaus-Leif. Det var óg seint om hausten. Eg minnest denne kampen fordi vi var så forferdeleg skitne etter kampen. Kyrne til Klaus-Leif hadde gått på beite på dette stykket utover hausten, før han sette dei inne på bås. Det som dei fleste veit, er at når dyra går på hobeite om hausten vert avføringa tynn og laus. Noko vi kalla renneskitå. Slik var det også med kyrne hans Leif. Graset hadde vakse litt opp igjen so vi såg ikkje alle desse flate kuruene som låg nede i graset. Der vart ein grisete kamp i dobbelt forstand. Ettersom tida gjekk, vart det verre og verre å halde seg på beina. Vi sklei i koll på det skitne og glatte underlaget. Knottar under skorne hadde vi ikkje, for fotballske var det ingen som hadde. Kampen utvikla seg til å bli ein kamp der glidetaklingane kom både frivillig og ufrivillig. Og temperaturen steig faretruande høgt hos mange. Då ein spelar frå Hjorthol og ein av våre spelarar rauk i hop, stoppa kampen. Alle vart einige om at uavgjort var det beste for denne møkkakampen. Etter kampen barst det til elva for oss Hole-hynane, for å vaske av oss verste driten før vi gjekk heim.

Reddande "engel". Når det gjeld fotballkampane mellom Framma-Brauta og Nea-Brauta er eg meir usikker på både resultat og deltakarar. Men eg minnest at Brua-Arne stod i mål for oss. Kampen vart spelt på Barbro-marka bakom der barnehagen står i dag. Laget til Framma-Brauta var spelarar frå Brunstad, Hole og Hjorthol. Pe-Jon og Lars-Petter spelte på Brunstad-laget. På laget til Nea-Brauta var det spelarar frå Velle, Drabløs og Fet. Frå Velle minnest eg nokre store sterke karar frå Nordfjord. Dei arbeidde hjå doktor Aurdal. Mellom dei var brørne

Paul og Lars Bakke frå Hornindal. Lars vart seinare politimann, og vart gift med Judit Slinning. Paul vart seinare gift med ei jente frå Grebstad. Bastian-Arne minnest eg var med, like eins Kåre og Jon Hole-Drabløs.

Ein ting eg er sikker på er at der stod ein liten gutafante ved den eine målstolpen til Nea-brautingane. Når målmannen var utspelt og ballen kom rullande mot mål, var gutafanten der med foten og sparka den ut. Dette hende to gongar, men då vart han Fausa-Ole fjerna. Men alt då, i 6-7-årsalderen, byrja Ole på si lange fotballkarriere, først i Velledalen Idrottslag, og seinare i VRF. På Fet var det brørne Norvald og Arne Fet frå Jørngarden. Perry Fet var keeper for Velledalen Idrottslag i mange år. Eg trur òg at Jo-Kristian var med på denne fotballkampen på Barbro-marka i slutten på tretti-talet.

Hesteskokasting. Vi hadde òg andre aktivitetar enn fotball. Hesteskokasting var også populært den tida. På Hole møttest vi oftast ved Knut-stabburet, mellom stabburet og gamleløa var ein fin plass. Her møttest vi ofte om søndagane om formiddagen, men når klokka vart tolv måtte vi heim å ete. For til middagen måtte ein vere presis. Så var det på an igjen straks etter ein hadde ete, og fortsette å kaste til kvelden kom. Av dei ivrigaste som møtte oftast opp kan eg nemne Øye-Karl, Arne Hole, Ola-Petter, Knut-Ole og underteikna. Seinare kom Brua-Karl til, som snart vart den ivrigaste av oss alle. Hesteskokasting var ein populær sport i mange år, men så dabba den av og vart burte i mange år.

Stafettar. Under krigen frå 1940-45 låg all offisiell idrett nede, men våren 1946 hadde Velledalen fått i gang eit brukbart stafettlag på 10 mann. Det vart gjort ein avtale med Idrottslaga i bygda at ein skulle ha ein stafett kvar 17.mai i åra framover. No viste det seg at det var berre Sykkylven Idrottslag og Velledalen som kunne stille lag, så det vart berre to lag som stilte til start. Auringane heldt på sitt lag som storfavorittar. Dette skulle bli ein lett seier. Men det viste seg at velledalingane vart for sterke, ja det vart mest utklassing. Ni av ti på laget var velledalingar. Den tiande var nordmøring eller romsdaling. Han arbeidde då på fabrikk til Olav Parr, som var i det nedlagte meieriet. Namnet hans var Kristian Sørli. Han starta seinare eigen fabrikk i Måndalen. Kristian var spesialist i bratte motbakkar. Kristian hadde 8.etappe frå sentrum og opp mot Ramstادهuset og Aurelia. Eg hadde 9.etappe. Den var stort sett i lett terreng inn til fotballplassen på Aure, der 1.etappen starta. Eg var veldig spent på kven som kom først over bakketoppen. Hugsar eg ikkje feil så var det Harald Sandal som skulle springe 9.etappe for Sykkylven. Det første som dukka opp over bakketoppen var eit mørkt krulla hår, og det var han Kristian. Eg fekk stafettpinnen og sprang som ein viss mann var i hælane på meg. Aldri skulle eg gjeve frå meg denne leiinga eg hadde fått. Eg såg meg ikkje tilbake før eg hadde veksla med Fritjof Drabløs som hadde siste etappe. Ein runde rundt bana. Men det var ikkje noko å frykte. Avstanden var så stor at Fritjof var halvvegs i mål før Sykkylven si siste veksling.

Det var eit lag i seiersrus som reiste fram att i dalen. Det var kjempestart på 17.mai-feiringa. Desse var med på laget, Fritjof Drabløs, Magnar Fet, Olav Fet, Arnold Weiberg-Aurdal, Arne Velle, Jon Brunstad, Kjell Brunstad, Kristian Sørli, Ole L. Hole, Oddmund Skylstad. Dessverre vart det ikkje fleire stafettar 17.mai. Sykkylven trekte seg.

Sterke fjordingar. Neste store prøve for stafettlaget var på Stranda. Der var lag frå Sunnmøre og Nordfjord. Særleg Nordfjord hadde alltid sterke lag. Velledalen stilte med det same laget som vi hadde mot Sykkylven på 17.mai-stafetten. Stranda-stafetten var den største og den eg minnest best på grunn av antal lag og publikum. Eg sprang første etappe. Det var fire rundar på fotballbana. Det viste seg snart at vi sunnmøringane hadde lite å stille opp med mot sterke

nordfjordingar. Det var to lag som var i tet frå start til mål. Det var laget frå Olden og laget frå Nordfjordeid. Kven som kom først i mål av desse to hugsar eg ikkje. Desse to laga dominerte stafettane på våre kantar desse åra. Vår innsats var vel som venta frå eit nystarta stafettlag. Hugsar eg ikkje feil så vart vi nr. 3 av laga frå Sunnmøre. Volda vart det beste sunnmørslaget. Vidare rekkjefølgje får stå open. Det er trass alt 60 år sidan.

Nær KM. Noko seinare var vi i Langevåg og sprang stafett med same laget. Det var siste gong vi stilte med ti etappar. Det viste seg at interessa for stafett vart mindre, og det vart vanskeleg å stille ti løparar. Det gjekk ned til åtte etappar, men det óg vart for mange for dei små laga. Og fotballen tok meir og meir over. Halve stafettlaget til Velledalen Idrottslag vart fotballspelarar, så stafettlaget vart nedlagt. Men det var moro så lenge det varte. Sykkylven Idrottslag hadde óg til slutt fått til eit bra stafettlag, men no var dei i same vanskane som oss. Fotballen hadde teke over, og dei var no i ei kattapine. Dei hadde meldt på stafettlaget til kretsmesterskapet i Volda. Men to av løparane kunne ikkje møte, og reservar hadde dei ikkje. Det var Einar Espe som ringte om ikkje eg kunne stille opp. Knut-Torleif hadde lova å stille på. Torleif var ung lovande terrengløpar. Eg sa ja. Eg sprang siste etappe , ein runde rundt fotballbana i Volda. Og var ein halv meter frå å bli kretsmester. Vart nr.2. Volda vart nr.1. Det var min aller siste etappe.

Oddmund Skylstad